



UNIVERSITETET I BERGEN
Molekylærbiologisk institutt

SAKLISTE PROGRAMSTYREMØTE
23.APRIL 2010, KL. 1300 ROM 542A2

Tilstades: Kari E. Fladmark (leiar, Gr. A) Rune Male (Gr. A), Thomas Kalvik (Gr. D), Marielle Hauge (sekretær).

SAK I: INNKALLING OG GODKJENNING AV SAKSLISTE
VEDTAK: Innkalling og saksliste vart godkjent.

SAK II: GODKJENNING AV REFERAT 21.januar 2010
Vedlegg 1: Referat frå programstyremøte 21.januar 2010
VEDTAK: Referatet vart godkjent.

SAK III: ORIENTERINGSSAKER

▪ **Konfidensielle masteroppgåver**

Studiestyret vedtok 20.januar 2010 retningslinjer for avsluttande munnleg eksamen for klausulerte masteroppgåver. Retningslinjene inngår som ein ny paragraf i *Utfyllande regler for gradsstudier ved Det matematisk-naturvitenskaplige fakultet*.

Vedlegg 2: Konfidensielle masteroppgåver - Retningslinjer for avsluttande munnleg eksamen ved MN.

▪ **Retningslinjer for handsaming av masteroppgåver som er fellesarbeid**

Ved MN-fakultetet er det mogleg at studentar samarbeider om eit masterprosjekt og skriv ei felles masteroppgåve. Studiestyret vedtok 20.januar 2010 retningslinjer for handtering av masteroppgåver som er fellesarbeid.

Vedlegg 3: Retningslinjer for handsaming av masteroppgåver som er fellesarbeid.

▪ **Generelle karakterskildringar for UH-sektoren**

Fakultetet har sendt svar på høring om generelle karakterskildringar til Utdanningsavdelinga. Molekylærbiologisk institutt svarte på høringa 1.februar.

Vedlegg 4: Svar på høring: forslag til generelle karakterskildringar for UH-sektoren

▪ **Endring i administrative rutinar ved elektronisk innlevering av masteroppgåver ved UiB**

Studieadministrasjonen ved MBI har kontakta Realfagsbibliotek og blitt informert om at dei fortsatt ønskjer trykte eksemplar av masteroppgåver. Grunnlaget for det utsendte brevet er at biblioteket ikkje lenger kan krevje å få tilsendt trykte masteroppgåver. MBI kan derfor halde fram med den vanlege praksisen med å sende to oppgåver til Realfagsbiblioteket.

Vedlegg 5: Endringar i administrative rutinar ved elektronisk innlevering av masteroppgåver ved UiB

▪ **Obligatorisk HMS-kurs for nye masterstudentar**

Etter diskusjon på førre Programstyremøte har HMS-kordinator ved MBI har bestilt to HMS-kurs til masterseminaret i veke 33; eit på engelsk og eit på norsk.

▪ **Endring av semsesterplassering for KJEM131 Organisk syntese og analyse**

Frå studieåret 2011/2012 vil KJEM131 bli flytta frå vår til haust. Dette fører til at emnet ikkje kolliderar med MOL202 om våren. Det vil også medføre ein reduksjon i antal valemne i 2.semester for studentar som tek KJEM110 første semester.

Vedlegg 6: Orientering om endring av semesterplassering for KJEM131.

▪ **Programmøter**

Det har blitt arrangert program møte for 2. og 3.årsstudentar i molekylærbiologi tysdag 13.april. Det møtte 17 av totalt 42 studentar på møtet. Det skal arrangerast program møte for 1.årsstudentane torsdag 29.april.

VEDTAK: Sakene blei tatt til orientering.

SAK 04/10 Retningslinjer for spesialpensum

Studieadministrasjonen ved MBI foreslår at ein i retningslinjene for spesialpensum legg til ”i særlege tilhøve etter søknad kan spesialpensum erstatte valemne i mastergraden”. Med særlege tilhøve meinast det situasjonar der studenten ikkje har fullført eit valemne innan 4.semester.

VEDTAK: Det vart vedtatt å innføre punktet over i retningslinjene og forslaget til retningslinjer for spesialpensum vart vedtatt .

Vedlegg 7: Utkast til retningslinjer for spesialpensum ved MBI.

SAK 05/10 Moglege tiltak for å auke arbeidsinnsatsen hos masterstudentar

Instituttleiinga har bedt Programstyret vurdere moglege tiltak for å auke arbeidsinnsatsen hos masterstudentar ved Molekylærbiologisk institutt. Frist for tilbakemelding er 12.mai 2010.

VEDTAK: Studieadministrasjonen skal i samarbeid med studentane utarbeide ei spørjeundersøking for masterstudentar og dei vitenskaplege som er rettleiarar.

Vedlegg 8: ”Ber programstyret vurdere mulige tiltak for å auke arbeidsinnsatsen hos masterstudentar ved Molekylærbiologisk institutt”

SAK 06/10 Årsrapport for 2009-2010 frå programsensor

Rapporten har blitt diskutert i Gruppe A og Instituttrådet. Sistnemnte vedtok å opprette ein komité for gjennomgang av laboratorieemna ved MBI. Programstyret bør gi skriftleg tilbakemelding på rapporten og kva tiltak som er satt i gang.

Vedtak: Studieadministrasjonen skal sende eit svarbrev på programsensor sin årsrapport for 2009-2010 og informere om kva som skal vere tema for neste rapport. Denne skal vere ferdig innan 1.februar 2011.

Vedlegg 9: Programsensor sin rapport for studieåret 2009-2010.

SAK 07/10 Ekstern sensur ved munnleg vurdering i emne

Universitetsstyret vedtok 24.september 2009 at bruk av ekstern sensor ved munnleg emneeksamen skal gjelde som hovudregel. Studiestyret drøfta 20.januar 2010 retningslinjer for sensur ved munnleg eksamen i emne, og dette er no sendt ut til institutta. Fakultetet ber institutta om å diskutere dette med programsensor, noko som passar bra for MBI. Neste arbeidsoppgåve for programsensor er blant anna vurderingsformene i dei ulike emna. Frist for tilbakemelding til fakultetet er 11.juni.

Vedtak: Programstyreleiar og sekretær vil utarbeide eit svar som støttar forslaget om å ikkje krevje ekstern sensor ved munnleg eksamen i spesialpensum.

Vedlegg 10: Ekstern sensur ved munnleg vurdering i emne – drøftingsnotat.

Evt.

- **Høring: Mastergradsavtale for og administrative rutiner knytta til gjennomføring av masterstudiet i nanovitenskap.**

Programstyret har ingen kommentarar til dette.

- **Programstyret ønsker å innkalle dei vitenskaplege (gruppe A) og stipendiatar med undervisningsplikt til eit lærarmøte i løpet av dei to første vekene i mai.**

Vedlegg

- Referat 21.01.09
- Konfidensielle masteroppgåver
- Retningslinjer for handsaming av masteroppgåver som er fellesarbeid.
- Svar på høring: forslag til generelle karakterskildringar for UH-sektoren
- Endringar i administrative rutinar ved elektronisk innlevering av masteroppgåver ved UiB
- Orientering om endring av semesterplassering for KJEM131.
- Utkast til retningslinjer for spesialpensum ved MBI.
- ”Ber programstyret vurdere mulige tiltak for å auke arbeidsinnsatsen hos masterstudentar ved Molekylærbiologisk institutt”
- Programsensor sin rapport for studieåret 2009-2010.
- Ekstern sensur ved munnleg vurdering i emne – drøftingsnotat.

MRH 280410